

## PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE I SCHULTZ' GATE 25 TORSDAG 19.5.22

Til stade: Martin Svartberg, Zahid Unal, Magne Arve Flaten og Axel Øwre

Sak 1: Konstituering av møtet. Martin Svartberg vart vald til møteleiar, Magne Arve Flaten til referent, og Martin Svartberg vart vald til protokollvitne. Dei som hadde løyve til å stemme og dagsorden vart godkjent.

Sak 2: Årsrekneskap og revisjonsberetting for 2021.

Årsrekneskapet vart godkjent. To punkt i rekneskapet vart kommentert spesielt. Dette gjaldt forsikringa av eigedomen, som i dag er i If, som hadde hatt ein auke på ca. 60 %. Ny styreleiar vil hente inn tilbud frå andre selskap. OBOS blir kontakta om dette. Det andre punktet gjaldt energi/oppvarming, som hadde hatt ein auke på over 100 % i 2021. Det vart også kommentert at likviditet er viktig for sameiget, så ein kan betale for uventa utgifter. Saldo burde derfor komme fram i rekneskapet. OBOS blir kontakta om dette.

Sak 3: Val av tillitsvalde og styremedlemmene sine honorar.

Magne Arve Flaten vart vald til styreleiar og Zahid Unal og Axel Øwre vart valde til styremedlemmer. Styremedlemmene sitt honorar vart halde uendra på 7500 kr. for styremedlemmer og 15000 kr. for styreleiar.

Sak 4: Orienteringssaker.

Det var ingen orienteringssaker.

Sak 5: Eventuelt


Eit tre som står på Sameiget si tomt i bakgården vart handsama først på møtet. Eigedomen Hammerstads gate 5 har hatt lekkasje i parkeringskjellar under treet, og fått utført rapport som indikerer at røtene til treet kan vere årsak til lekkasjen. Styreleiar har meldt til Hammerstads gate 5 at dei kan felle treet, gitt at treet blir fjerna og at tomta blir planert og ført tilbake til den stand den hadde før treet vart planta, og at alle kostnader dekkast av Hammerstads gate 5. Først når det er skriftleg bekrefta av styret i Hammerstads gate 5, gir vi vår aksept.

Mail-adresser og telefonnummer til vaktmester blir sendt til alle i sameiget. Dersom det oppstår problem så kan vaktmester kontaktast direkte av den einskilde sameigar . Det blir også hengt opp kontakt-informasjon til vaktmester ved poststativet.

Oslo og Trondheim, 23. mai 2022

  
Magne Arve Flaten

Referent

  
Martin Svartberg

Protokollvitne